

## **Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 03.11.2016**

Presentasjon i samband med PS 89/16 Tilstandsrapport vidaregåande opplæring 2015/16 v/ spesialrådgjevar Tor Ivar Sandvik.

I samband med sakshandsaming av PS 89/16 Tilstandsrapport vidaregåande opplæring 2015/16 hadde **Solbjørg Marjala, R**, slik kommentar:

«Uheldig utvikling med større klassar

Større klassar gjør arbeidet til lærarane meir utfordrande. Dette går ut over kvaliteten på undervisinga og oppfølginga av den enkelte elev. Ein av dei fremste orsakane til fråfall er einsemd. Dei store klassane førar til at den enkelte elev får mindre oppfølging og vert mindre synleg som igjen aukar sjansa for einsemd.»

**Svein Otto Jacobsen, Frp**, stilte spørsmål ved om det vart gjort nokon stas på dei frå Hordaland som vant i norgesmesterskap i yrkesfag?

Fylkesdirektør for opplæring svarte at han skal sjekke om dei har fått ei påskjøning.